

– Disse inngrepa vil bli kraftig fordømt av våre barn og barnebarn



KALDAVATNET: – Dette vassdraget er ekstremt verdifullt for naturkommunen Hjelmeland, skriv Arild Boganess. Foto: Privat

Av Arild Boganess, Årdal

Publisert:
09.08.24 10:10

Del

– Nå er det Kaldavatnet som skal øydeleggjast. Er det nokon som trur at dette er siste inngrepet i dette vassdraget? spør Arild Boganess.

For abonnenter

MENINGER

Dette er et debattinnlegg. Innlegget gir uttrykk for skribentens holdninger.

Så lenge som eg har budd i Hjelmeland, har kommunen sin natur vore nytta som reklame i alle samanhengar, anten det var snakk om å få etablert nye arbeidsplassar, få hit fleire innbyggjarar, finne nye arbeidstakarar, få hit fleire turistar osv.

Fana «Naturkommunen Hjelmeland» har vore høgt heva.

Utbygging

Naturen må pleiast skal den overleve og vera slik med ønskjer å ha den. Rektignok vil den alltid vinne over menneskelege inngrep, men det går til vanleg lang tid frå med øydelegg noko i naturen, til naturen har tatt det tilbake og reparert skadane me har påført den.

NRK sette søkelys på kor mykje me øydela kvart år, i fleire reportasjar og dokumentarar tidlegare dette året.

Akkurat nå er det skjebnen til vassdraga våre som er i fokus. Så vidt eg veit har me ikkje ei einaste elv i kommunen som ikkje er råka av utbygging. Dei aller fleste større bekkjar har lidt same skjebnen.

Ekstremt verdifullt

Akkurat i desse dagar er det vassdraget i Bønardalen, som er i fokus. Kanskje eit skuleeksempel på den bit for bit utbygginga som kommunane driv med ifølgje [NRK](#). Først vart det bygd kraftverk nedst i vassdraget. Så vart det bygd eit til litt høgare oppe. Nå er det Kaldavatnet som skal øydeleggjast. Er det nokon som trur at dette er siste inngrepet i dette vassdraget?

Bønardalen og landskapet innover, høyrer til nærområdet vårt. Området er lett tilgjengeleg og mykje brukt også av folk med fysiske utfordringar. Difor er dette vassdraget ekstremt verdifullt for naturkommunen Hjelmeland.

Vil bli fordømt

Der er svært få, om nokon, som vil smelte om verdifulle kunstgjenstandar for å få tak i dei verdiane som metalla i dei representerer. I mine auge er det dette dei som øydelegg naturen bit for bit, held på med.

Når energibehovet vårt om nokre få år vil bli dekkja av andre energikjelder enn dei me har i dag, vil desse inngrepa og naturøydeleggingane bli kraftig fordømt av våre barn og barnebarn.



LES OGSÅ

Forstår hyttefolket si uro – men kan ikkje ta stilling ennå



LES OGSÅ

Reagerer på omsøkt utbygging: – Me er redde for at inngrepet vil rasera naturperla

Les mer om: [Årdal](#) [Hjelmeland](#) [Politikk](#) [Ryfylke](#)



Strandbuen
8 123 følgere

Følg side

Del

Se kommentarer